

**Sogndal Venstre**  
**Valprogram 2023-2027**

# På lag med framtida



## På lag med framtida

Sogndal Venstre jobbar for at Sogndal skal vera ein grøn, inkluderande og nyskapande kommune, der tilbod og tenester blir utvikla saman med innbyggjarane. Alle skal ha like moglegheiter til å skapa seg gode liv, kunna bruka evnene sine, og vera trygge på å få hjelp når det trengs. Det gjeld også for generasjonane etter oss. Venstre vil ha meir lokaldemokrati, ikkje mindre. Difor vil me jobba vidare for å auka opp att tal kommunestyrrepresentantar frå 31 til 37.

### Sogndal Venstre vil

- prioritera naturen
- sikra gode vilkår for born og unge
- stimulera til grøn næringsutvikling og lokal verdiskaping
- satsa på førebyggjing og tilbod som sikrar sjølvstende og meistring
- vera ansvarlege og sikra velferd også for neste generasjon

#### Nyskjerrig på Venstre?

Du finner mer om valgkampsakene og kandidatene våre på <https://www.venstre.no/lokal/vestland/sogndal/>



## **God oppvekst og skule for alle**

Venstre vil sikra at alle har gode oppvekstvilkår og like moglegheiter gjennom utdanningssystemet. Me ønskjer barnehagar og skular der trygge vaksne tek leiarrolla, og der læring og kreativitet står i fokus. Dyktige lærarar er det viktigaste for å sikra god kvalitet og tilpassa opplæring

### **Venstre vil...**

- sikra nok bemanning i barnehagar og skular
- byggja ny barnehage på Kvernhushaugen på Kaupange
- gje lærarane eit reelt val mellom skulebøker og digitale læringsressursar til klasserom og heimearbeid. Pedagogiske omsyn avgjer, ikkje økonomiske.
- jobba for at alle får tilbod om barnehageplass etter avslutta foreldrepermisjon
- planleggja opprusting for Nybø barnehage
- sikra midlar til vedlikehald og halda fram opprustning av skulane
- prioritera tidleg innsats for alle elevar, også dei som treng ekstra utfordringar
- styrkja innsats mot mobbing og utanforskap og ha meir erfaringsutveksling mellom barnehagane og skulane

- inkludera ungdom i saker og vegval for framtida
- gje lærarane etterutdanning tilpassa fagfornyinga, til dømes i programmering
- at utbygging av Kaupanger skule må planleggjast med idretts- og kulturaktivitet
- jobba for at elevane i Sogn skal ha same moglegheiter som elevar i resten av Vestland til å velja breitt mellom programfag og linjer. Til dømes tilbod om påbygg, helsefagutdanning, fagskule elektro og minst fire linjer studieførebuande.
- ha nytenkande tilbod til lærlingar og andre opplæringsløp



## **Modig miljøpolitikk**

Måten me brukar naturen trugar grunnlaget for tryggleik, velstand og livskvalitet for komande generasjonar. Me må ta konkrete og modige grep for å sikra urørd natur og biologisk mangfald, unngå ureining, sikre klimatilpassing og klimaomstilling.

### **Venstre vil...**

- stå opp for urørd natur, restriktiv bruk av areal og berekraftig tilrettelegging
- jobba for at arealnøytralitet blir eit innarbeidd prinsipp og restaurere meir natur
- visa veg for korleis alt nedbygde område kan få ny bruk, gjera det enklare og billegare å levera avfall, ikkje minst for frivillige lag og organisasjonar. Til dømes at konteinarar for avfall må vere lett tilgjengelege, der folk bur og ferdast
- prioritera opprustning og utvikling av dei kommunale vass- og avløpssystem
- ha ny miljø- og gjenbruksstasjon på Kaupanger som førebilete på sirkulær tenking
- støtta opp om etablering og drift av interkommunalt friluftsråd i Sogn
- seia nei til gondol i Kjøsnesfjorden
- støtta marint vern av Sognefjorden, bl.a for å sikre streng praksis for utslepp

- ta initiativ til å samla sognekommunane om å styrke grensene for Sognefjorden som nasjonal laksefjord, og seia nei til oppdrett
- ha streng oppfølging i ureiningssaker, når dialog ikke fører fram
- etablera jordbankar og setja krav til at jorda blir sikra ny bruk, viss nedbygging skjer
- ta ansvar for gamle synder, bl.a rydda opp i bosfyllinga på Kaupanger
- ha meir tiltak for biologisk mangfald, til dømes hindre spreiing av svartlista artar
- ha ein tydeleg miljøprofil i innkjøpspolitikken, og i kommunal drift, vedlikehald og investering. Til dømes krav om utsleppsfree bilpark, og meir bruk av tre
- prøve ut el-bygdesykkel med tilskotsordning for ungdom
- ha tiltak mot spreiing av mikroplast og anna plast på avvege
- ha årlege vårkampanjar mot forsøpling og ureining, med gratis leveranse av metallskrap og anna spesialavfall
- ta initiativ til samarbeid med nabokommunane rundt Sognefjorden om tiltak som reduserer avrenning, utslepp og vernar økosystemet i og rundt fjordarmane –

## Førebyggjande innsats og omsorg når du treng det

Alle som treng det skal få god omsorg og helsehjelp. Behovet for tenester aukar, og meir førebyggjande innsats vert viktig. Det sikrar gode og likeverdige tenester, og at folk kan leva eit mest mogeleg sjølvstendig liv. Det må leggast betre til rette for å bu lenger i eigen heim, men også for gode institusjonstilbod til dei som treng det. Venstre er positive til å samarbeida med ideelle og private aktørar.

### Venstre vil...

- tenkja folkehelse og førebyggjing i alle tenester
- etablera tilskot til bustadtilpassing, motivera fleire til å ta grep i eigen busitusjon og sikra fleire aldersvennlege butilbod, til dømes tryggleiksbusstader
- ha ein aktiv og inkluderande bustadpolitikk, som styrkjer mangfald og inkludering
- prioritera arbeid med bemanningssentral, for betre kvalitet i tenestene og i tilsette sin arbeidskvardag
- setja av ressursar til framtidsretta omstilling av helse- og omsorgstenestene
- sikra at råda blir godt involvert i utvikling av framtidig helse- og omsorgstilbod
- ha møteplassar og arbeidslivstilbod som fremjer inkludering og hindrar utanforskap

- betra tilbodet om rehabilitering, trening, støttekontakt og sosiale møteplassar
- leggja til rette for godt samarbeid med frivilligsentralane, lag og organisasjonar
- tenkja nytt om arbeidsmåtar og rekruttering, gjerne saman med nabokommunar
- gjera helsetilbod for unge meir tilgjengeleg, også for hybelbuarar og studentar
- etablera aktivitetshus og lågterskel-tilbod for rus og psykiatri, slik brukarane ønskjer
- sikra tilstrekkeleg med parkeringsplassar for rørslehemma i tettstadene



## **Mangfold i kultur, idrett og frivillig arbeid**

Kultur, idrett, uorganisert aktivitet og frivillig arbeid styrkjer meistring, inkludering, demokrati og levande lokalsamfunn. Alle skal kunna delta uavhengig av økonomiske, kulturelle, etniske skilje. Venstre vil følgja opp kulturstrategien og særleg prioritera tilbod og møteplassar for ungdom, uorganisert aktivitet, og kulturminnevern.

### **Venstre vil...**

- jobba for eit kultur- og aktivitetskort, eller anna ordning som sikrar at alle kan delta i aktivitetar i nærmiljøet
- sikra at kulturhus- og lokale er meiropne og tek på alvor kva ungdom ønskjer seg
- rusta opp biblioteka og gjera desse tilgjengelege utanom ordinære opningstider
- etablera folkeverkstader i kulturhus- og bibliotek, til dømes tilgang på symaskin, lån av verktøy, sykkel-reparasjon etc
- styrkja kulturminnevernet og laga ein samla kulturminneplan
- utvikla Saften som kultur-, aktivitets og administrasjonshus
- utvikla aktivitetsflater som stimulerer til leik og uorganisert aktivitet, til dømes område for skating og sykling, i samarbeid med bygdelag og andre aktørar
- leggja til rette utpeikte utfartsområde og følgja opp samarbeid i pilotprosjekt

- jobba for Friby- og Artist in Residence-ordning med base i Balestrand og Fjærland
- gjera utstyrssentralane meir tilgjengelege og etablera tilbodet i alle tettstadene
- ha gode vilkår for bruk av hallar, baner, kulturlokale, skianlegg
- leggja til rette for multikulturelle møtestader
- løfta fram kunst og kultursatsinga i Balestrand og spreia dette til alle deler av kommunen
- etablera tilskotsordning som bidreg til å halde grende- og ungdomshusa vedlike
- løysa behovet for aktivitetsareal i Sogndal i lag med Kvåle skule og idretten
- halda fram og vidareutvikla samarbeidet med Bergen arkitektskule
- stimulera til berekraftig utvikling av turstiar, naturmøteplassar, sykkel- og klatreruter
- samarbeida tettare med frivilligsentralane om innbyggarretta tilbod og tenester
- få fart i arbeidet med å utvikla kulturhuset i Sogndal til Sogn si regionale storstove

## **Nyskapanda og grønt arbeids- og næringsliv**

Sogndal kommune har eit variert og attraktivt arbeids- og næringsliv, men også verksemdene i Sogndal vert utfordra av mangel på arbeidskraft, sterk prisvekst og grøn omstilling. Sogndal kommune må vera ein føreseieleg og god samarbeidspartnar for næringsliv og offentleg verksemd, og jobba for god kommunikasjon internt i kommunen, i regionen og til andre regionar. Sogndal kommune skal gå føre i kampen mot utanforskaps i arbeids- og næringsliv.

### **Venstre vil...**

- følgja opp masterplanen for reiseliv i Sogn, og sikra berekraftig besøksforvaltnig
- ha ein strategi og leggja til rette for grønt og småskala landbruk
- skjerpa driveplikta for landbrukseigedom, styrka matberedskap og sjølvforsyning
- etablira næringsfond som stimulerer grøn omstilling og initiativ. Til dømes investeringar i energieffektivisering, grøn teknologi, eller andre miljøvenlege løysingar
- jobba for at Campus Sogndal blir satsa på i eit nytt Vestlands-universitet
- styrkja det strategiske arbeidet med å utvikla Leikanger og Sogndal som lokalisering for offentleg forvaltning, forsking og utdanning
- ha ein aktiv innkjøpspolitikk som stimulerer grøne grep og gjer det enklare for små og mellomstore verksemder å konkurrere, til dømes ved å dela opp kjøp i delkontraktar.
- samarbeida med frivillige og andre aktørar om sosialt entrepenørskap og nye tenestemodellar som skaper verdiar for lokalsamfunnet

- jobba for at Marheim blir realisert
- jobba for at Rv 13 Vikafjellsvegen blir prioritert fram som nasjonalt rassikringsprosjekt og viktig regional samanbindingsveg mellom Sogn og Bergen
- ha sommarruter på ferjene heile året og betre nattilbod på Hella - Dragsvik – Vangsnes
- sikra at Sognebåten er eit attraktivt, grønt og føreseieleg heilårs transporttilbod
- jobba for vidare utbetring av rv 55 Hella – Leikanger og punktutbetring på Rv Balestrand-Dragsvik
- jobba for at infrastruktur, omlastingsplassar og tilkomst for nyttetransport til landbruks- og skognæringa vert prioritert i kommunal transportplan.
- private og offentlege verksemder skal kunne stola på at kommunen har gode og tilgjengelege tenester, i tråd med kva dagens arbeidstakrar forventar
- vera ein digital kommune, med framtidsretta tenester for innbyggjarar og næringsliv
- at kommunalt tilsette skal ha tilgang til kontorfellesskap i alle deler av kommunen, medan administrasjonen framleis er lokalisert i Balestrand, Leikanger og Sogndal.
- vidareføra interkommunale samarbeid for å sikra gode, effektive tenester
- ha ein inkluderande kommune, med systematiske tiltak for auka mangfald

## **Levande og tilgjengelege tettstader og nærmiljø**

Venstre vil arbeida for gode og tilgjengelege tettstader med varierte butilbod og tenester, møteplassar og kulturtibod i alle deler av kommunen. Tettstadene våre skal vera gode stader å bu i og driva næring i, og attraktive å besøkja. Her skal det vera trygt og enkelt å gå, sykla og reisa kollektivt.

### **Venstre vil...**

- ha ein aktiv bustadpolitikk og bruka virkemidlar som gjev varierte og gode bustader i heile kommunen. Stimulera bustadutvikling og nye buformer, til dømes på Hittunfeltet
- samarbeida med bygdelag og næringsforening om «prøvebu» i Fjærland
- leggja til rette for varierte bustader, grøntareal og gode leike- og aktivitetsområde i tettstadscentra, slik at det er attraktivt å bu her, også for barnefamiliar
- jobba for å utvide tilbodet med lokal transportordning - for unge, eldre og studentar
- jobba for gang- og sykkelfelt mellom Statens hus og Leikanger barneskule, mellom Årøy og Sogndal og mellom bremuseet og Mundal. Vidareføre sykkelfelt mellom Leikanger og Sogndal.
- støtta opp om initiativ som skaper levande tettstader og vil prøva ut nye ting
- utarbeida ein estetikk- og byggjeskikkrettleiar som skal sikra nye og eksisterande arkitektoniske kvalitetar, bygningsmiljø, særpreg, identitet og kulturminneverdi

- samarbeida med grunneigarar og frivillige organisasjonar om å utvikla og gjera friområde og badeplassar meir tilgjengelege. Me vil at kommunen overtek Pilaviki.
- sikra grønstrukturar og urørd strandsone også nært til område der folk bur
- halda fram med å rusta opp gater og offentlege område i Fjøra,
- vidareutvikla samarbeid med private og frivillige og vidareføra initiativa i dei andre tettstadene
- tillata gatekunst på offentlege veggar som står utan utsmykking
- samarbeida med private om parkeringsareal under bakken i sentrumsområda
- ha samanhengande gang- og sykkelfelt mellom bustadområde og daglege gjeremål, og etablera sykkelparkering ved knutepunkt, med tak og lademoglegheiter





Meld deg på Venstres nyhetsbrev: [venstre.no/nyhetsbrev](http://venstre.no/nyhetsbrev)

